



Protokoll

# ÅRSMØTE I MAFOSS

25. mai 2020 kl 15:00 – 15:40

Stad: Teams-møte

---

**1/ 2020 Registrering og opning av møtet.**

Velkomst og opning av årsmøtet ved styreleiar Oddvar Saunes som stadfesta at årsmøtet er vedtaksføre. Liste over deltakande bedrifter/ fullmakter vedlagt protokoll. (Vedlegg 1)

**2/ 2020 Val av møteleiar og sekretær.**

Oddvar Saunes valt som møteleiar og Jan Thormodsæter valt som sekretær.

**3/ 2020 Val av ein person til å skrive under møteboka saman med møteleiar.**

Håvard Myrene valt av årsmøtet.

**4/ 2020 Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Samrøystes godkjent av årsmøtet.

**5/ 2020 Godkjenning av:**

\* Årsmelding/driftsmelding. Samrøystes godkjent av årsmøtet.

\* Rekneskap, balanse og revisjonsmelding. Samrøystes godkjent av årsmøtet.

**6/ 2020 Fastsetting av kontingent og driftstilskott for 2020.**

Framlegg frå styret samrøystes godkjent av årsmøtet.

**7/ 2020 Informasjon om ny Strategiplan 2020 til 2022.**

Styreleiar informerte om arbeidet som er gjort sidan våren 2019, først med eigne samlingar i styret før plenumssamling i november 2019 der alle medlemsbedriftene var inviterte.

Årsmøtet tok strategiplan til vitande.

**8/ 2020 Vedtektsendring.**

Styret foreslo at Årsmøtet godkjenner fylgjande Vedtektsendringar:

**§ 1 vert endra frå å lyde:**

Medlemsbedriftene kjem frå kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Ørsta, Volda og Vanylven. Maritim foreining for søre Sunnmøre har som primæroppgåve å fremje interessene til den maritime næringa og styrke konkurransevna til næringa. Gjennom kurs



og anna opplæringsverksemd skal foreininga arbeide for å styrke rekrutteringa og heve det faglege nivået i verksemdene.

Ved medlemsmøte og samvær elles, skal foreininga legge vekt på den personlege fellesskapen.

**Til å lyde:**

MAFOSS er ein medlemsorganisasjon for dei havbaserte næringane, direkte eller indirekte, i kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta.

Våre medlemmar vil kunne representere heile verdikjeda knytt til Hav rommet.

MAFOSS skal vere ein uavhengig regional tilretteleggjar som skal samle, forsterke, synleggjere og utfordre den verdsleiande maritime og marine klynga som medlemsbedriftene på Søre Sunnmøre er ein del av. MAFOSS skal vere medlemane sitt felles talerøyr og forlenga arm i saker som gjeld synleggjering, nettverksbygging, rekruttering, opplæring, samferdsel, konkurransedyktige rammevilkår, politisk påverknad i nært samarbeid med andre organisasjonar samt etablere gode møteplassar for medlemsbedriftene.

Gjennom kurs og anna opplæringsverksemd skal foreininga arbeide for å styrke rekrutteringa og heve det faglege nivået i verksemdene.

Ved medlemsmøte og samvær elles, skal foreininga legge vekt på den personlege fellesskapen.

**§ 2 vert endra frå å lyde:**

Som medlemmer kan opptakast bedrifter i regionen med tilknytning til den maritime klynga og andre naturleg tilhøyrande næringar.

Søknader om medlemsskap vert avgjort av styret.

Oversikt over medlemsbedriftene skal framleggast på årsmøtet.

**Til å lyde:**

Som medlemmer kan opptakast bedrifter i regionen med tilknytning til dei havbaserte næringane, direkte eller indirekte samt andre naturleg tilhøyrande næringar.

Søknader om medlemsskap vert avgjort av styret.

Oversikt over medlemsbedriftene skal framleggast på årsmøtet.

**§ 5 vert endra frå å lyde:**

Årsmøtet vedtek medlemsavgifta (årskontingent og driftstilskot) for foreininga.

Medlemsavgifta skal betalast forskotsvis for kalenderåret, eit halvt år om gongen.



Eit nytt medlem skal i innmeldingsåret betale driftstilskot for talet på tilsette i bedrifta ved innmeldingsdato. Full medlemsavgift blir å betale frå og med året etter innmelding.

**Til å lyde:**

Årsmøtet vedtek medlemsavgifta (årskontingent og driftstilskot) for foreininga. Medlemsavgifta skal betalast forskotsvis for kalenderåret, eit halvt år om gongen.

Medlemsavgifta er eit fast årleg beløp medan driftstilskotet er eit tilskot basert på talet på fast tilsette i verksemda på land og i regionen. Størrelsen på driftstilskotet er avhengig av talet på fast tilsette, og dette skal registrerast 1. januar og 1. juli.

Eit nytt medlem skal i innmeldingsåret betale driftstilskot for talet på tilsette i bedrifta ved innmeldingsdato. Full medlemsavgift blir å betale frå og med året etter innmelding.

**§9 vert endra frå å lyde:**

Foreininga vert leia av eit styre på 7 representantar. Ein skal ved samansetjing av styret søkje å få ein så god spreining som mogleg både når det gjeld bedriftstype, bedriftsstørrelse og geografi. Representantar for dei tyngste næringane som t.d. skipsverft, utstyrsleverandørar og rederi skal vere representert i styret.

Dersom ein av styremedlemmene, varamann eller andre tillitsvalde sluttar i bedrifta dei representerer eller av andre årsaker går ut, har styret fullmakt til å oppnemne eit nytt medlem som fungerer fram til årsmøtet. Styret har også fullmakt til å velje ny styreleiar blant styremedlemmene fram til nytt årsmøte.

Styrerepresentantane vert vald for 2 år av gongen, der 3 og 4 vert vald annakvart år. Ingen kan veljast for meir enn to samanhengande periodar. Styreleiar og nestleiar vert vald for eit år i gongen.

**Til å lyde:**

Foreininga vert leia av eit styre på 5 - 7 representantar. Ein skal ved samansetjing av styret søkje å få ein så god spreining som mogleg både når det gjeld bedriftstype, bedriftsstørrelse og geografi. Representantar for dei tyngste næringane som t.d. skipsverft, utstyrsleverandørar og rederi skal vere representert i styret.

Dersom ein av styremedlemmene, vararepresentant eller andre tillitsvalde sluttar i bedrifta dei representerer, eller av andre årsaker går ut, har styret fullmakt til å oppnemne eit nytt medlem som fungerer fram til årsmøtet. Styret har også fullmakt til å velje ny styreleiar blant styremedlemmene fram til nytt årsmøte.

Styrerepresentantane vert vald for 2 år av gongen, der 3 og 4 vert vald annakvart år. Ingen kan veljast for meir enn to samanhengande periodar. Styreleiar og nestleiar vert vald for eit år i gongen.

**Vedtak:**

Forslaget til vedtektsendringar vart samrøystes godkjent av årsmøtet. Nye vedtekter vedlagt protokoll. (Vedlegg 2)



### **9/ 2020 Samarbeidsavtale ÅKP.**

Framlagt forslag frå styret til samarbeidsavtale med ÅKP vart samrøystes godkjent av årsmøtet.

### **10/ 2020 Val.**

Valkomiteen si innstilling vart lagt fram i møtet.

Samrøystes vedtatt av årsmøtet.

Mrk: Etter møtet vart det klart av siste vara blir Oddbjørn Hatløy/ ÅKP.

Nytt styret vel ny valkomite på første møte.

### **11/ 2020 Ymse**

Sak om engasjement av styreleiar ut over ordinært styrearbeid.

Styret får fullmakt til å sjå på avtale med styreleiar for godtgjersle av arbeid ut over ordinært styrearbeid. Dette for å supplere og avlaste adm som no er kun ein person.

Ulsteinvik / 2020

Oddvar Saunes

Håvard Myrene

---

**Vedlegg:**

- 1) Deltakande bedrifter på årsmøtet.**
- 2) Vedtekter revidert av årsmøtet.**
- 3) Tillitsvalde valt på årsmøtet 25. mai 2020**